



Alle dei spreke deltakarane samla i målområdet.



Trufast heiajeng ventar i spenning på friskusane frå Snønuten. F.v. Ingrid Egner, Bård Drange, Marte Skogen, Gjermund Daniel Moe, Hege Voll, Silje Åsbø, Solveig Underbakke Lien og Maria Aarhus.



Helle Nilsen i fint driv ned frå nuten. Ho vann kvinneklassen med tida 8.40.

## Snønuten Open

**Det som starta som ein heilt vanleg toppurt til Snønuten med nokre kompisar, der dei konkurrerte om å koma raskast ned, har no blitt eit fast påske-renn for mange kvart einaste år påskeafta.**

### Ane Foldøy

For sjuande år på rad vart vennerennet gjennomført, og det med 28 deltakarar. – Det er tilfeldig at det vart Snønuten. Turen er flott, og det er dessutan ein lang tur ned slik at ein verkeleg får testa ut lårmuskulaturen. I tillegg til faste sandbuar og suldølar som stiller kvart år, er det også folk frå Sauda, Stavanger, Sogn og austlandet som er med i år, fortel Kjetil Helland. Grunna sterk vind og skodd på toppen valde dei å starta ovanom Reindalen. Etter at ei kvinne som deltok i fjor forsvann, og det måtte leiteaksjon til for å finna ho, er sikkerheita vorte betre. – Nå har me betra kommunikasjonen. Me hadde samband med oss både oppe og nede. Me er heldige som får nytta kanalane her i Bråtveit. Dessutan har dei

scooterar, i tillegg til at det er fleire legar her, fortel Helland. Folk står både på telemark, alpint, turski og snøbrett.

Stavangerjenta Tori Øymar er ei av dei som er med for første gong. – Eg viste ikkje kva eg gjekk til då studentkompisane mine frå Tromsø drog meg med. Eg er glad i å stå på ski, men eg har aldri konkurrert før, så eg kjende nervene kom på toppen. Det var tungt, så då eg tryna to meter framføre målstreken hadde eg ikkje krefter att til å koma meg opp, fortel ho, og legg til at ho fekk i alle fall dei andre til å le. Øymar enda på ein imponerende 3.plass i dameklassen med tida 9, 10 min. Hans Magne Helland brukte 5, 55 min på å koma seg ned frå nuten og vann dermed herreklassen.

Det er ikkje berre rennet som er fast tradisjon. Alt fredag starta påmeldinga. Laurdag morgon møter ein opp for å konkurrera. Om kvelden er det bankett med festmiddag og premierung på Mo laksegard. – Dette er blitt ein god tradisjon med sosiale rammer rundt heile opplegget. Det er i det heile ein flott skitur og ein god fest, smilar Kjetil Fisketjøn Endresen frå Fister nøgd.

Text og foto: Ane Foldøy



### Snønuten Open

Skirenn sidan 2003  
Konkurransen om å renna raskast ned frå toppen av Snønuten 1604 m.o.h.  
22 km tur/retur  
1200 høgdemeter stigning  
Femte høgaste toppen i Rogaland

Vinnaren av årets Snønuten Open vart Hans Magne Helland på tida 5, 55 min. Vandrepokalen vart overrekket av ein trufast deltakar i alle år, Mads Drange, som sjølv endte på 10. plass.